



DEN NORSKE KYRKJA

Dovre

Det kongelege kulturdepartement

Dovre, 29. august 2013

Høyring – NOU 2013:1 Det livsønsåpne samfunn

Dovre kyrkjelege råd er både sokneråd og kyrkjeleg fellesråd for Dovre sokn og Dombås sokn, og gjev med dette si høyring.

Dovre kyrkjelege råd støttar utvalgets prinsipp for trus- og livssyn, men meiner at det må leggast større vekt på at majoriteten av folket i Norge tilhøyrer Den norske kyrkja og at DNK derfor har ei særstilling. Kyrkja er eit viktig og sentralt bygg i lokalsamfunnet, og svært mange kyrkjer er viktige kulturminne med sin historikk, byggskikk, framifrå handverk, kunst osb. Kyrkja og kyrkjegarder betyr mykje for innbyggjarane og deiras identitet og tilknytning.

Av omsyn til innbyggjarane i Dovre og kyrkjemedlemmene, meiner vi at:

- Den norske kyrkja skal fortsatt være gravferdsforvaltning for alle
- DNK og andre trusamfunn skal behalde vigselfretten
- Fødselsmelding kan sendast til foreldra sine trusamfunn
- Ordning med institusjonsprest vert vidareført, og styrka med utøvarar frå andre trussamfunn også
- Politi kan fortsatt nytte prest til å gje dødsbud
- Stat og kommune har eit særskilt ansvar for å finansiere vedlikehald av verneverdige kyrkjer

Med beste helsing

Dovre kyrkjelege råd

Kjell Arne Steinhovden
Kjell Arne Steinhovden
rådsleiar